

## **Referat frå møte i Arbeidsutvalet 24. februar 2011, kl. 08.45-11.30**

**Stad: Thon Hotell Opera, Oslo**

### **Til stades:**

Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune  
Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune  
Olov Grøtting, Hedmarksregionar/kommuner  
Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune  
Arne Vinje, Vinje kommune  
Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Eivind Brenna, Opplandsregionar/kommuner

### **Forfall:**

Olaug Grønseth Granli, Buskerudregionar/kommuner  
Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune

### **Til stades frå administrativ arbeidsgruppe:**

Kay H Bjerke, Buskerud fylkeskommune  
Sissel Kleven, Buskerud fylkeskommune  
Anne Marie Sveipe, Oppland fylkeskommune  
Ann Marit Holumsnes, hovedsekretariatet (Hedmark FK)  
Torunn H. Kornstad, hovedsekretariatet (HFK)

### **Forfall administrativ arbeidsgruppe:**

Lars Hustveit, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Thrond Kjellebold, Telemark fylkeskommune

### **Referent:**

Torunn H. Kornstad

### **Saksliste**

10/2011	Godkjenning av referat frå AU-møtet 13.-14.01.11
11/2011	Organisering av reiselivet i fjellområda i Sør-Norge
12/2011	Høyringsinnspel til forslaget til nye vedtekter (utsett)
13/2011	Endeleg handsaming av handlingsplan for Fjellregionsamarbeidet
14/2011	Program for Årskonferansen/Rådsmøtet i Lom
15/2011	Oppsummering av Fjellmatkonferansen. Vidare arbeid med fjellmat (ikkje tid)
16/2011	Dato for neste AU-møte

### **Orienteringssak (ikkje tid til desse)**

- 02/2011 Føring og synleggjøring av eigeninnsats og ekstra arbeid i rekneskapen for EMC
- 03/2011 Møte i administrativ arbeidsgruppe 2. og 17. februar

### **10/2011 Godkjenning av referat frå AU-møtet 13.-14.01.11**

Det visast til referatet som er lagt ved frå møtet 13.-14.01.11.

#### ***Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:***

”Arbeidsutvalet godkjenner referatet frå møtet 13.-14.01.11.”

### **11/2011 Organisering av reiselivet i fjellområda i Sør-Norge**

Som ei vidareføring av Arbeidsutvalet sin diskusjon om temaet, kom Per Arne Tuftin frå Innovasjon Norge på møtet og orienterte om Innovasjon Norge sine satsingar, og utfordringane for reiselivet. Siri Stang frå NHO Reiseliv måtte melde forfall. Presentasjonen ho skulle haldi vart sendt ut i etterkant av møtet.

I samband med foredraget til Tuftin vart det tatt opp spørsmål rundt marknadstrendar og mogleg utvikling, og korleis organiseringa av reiselivet i Noreg bør bli. Saka vart også diskutert etter at Tuftin hadde gått, og det vart fremja eit forslag om at Fjellregionsamarbeidet skal få laga ei samla utgreiing av spørsmålet om organiseringa av reiselivet i fjellregionane. Avgrensinga av denne vart ikkje endeleg avklart. Det var sagt at ei slik utgreiing bare bør gjelde sommarturismen. Det var også synspunkt på at denne bør avgrensast til utanlandsk marknad, medan andre la vekt på at det er den norske marknaden der er enklast å lykkast i. Det vart også uttrykt at ei slik utgreiing må bygge på eksisterande arbeid.

Arbeidsutvalet meinte også at dette punktet må komma inn som eit tema på Årskonferansen. Det vart også uttrykt at det er viktig at Fjellregionsamarbeidet tar ansvaret for å føre denne prosessen vidare.

#### ***Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:***

” Sekretariatet fremjer til neste møte i Arbeidsutvalet eit forslag til korleis ein skal arbeide vidare med saka.

Temaet blir tatt opp på Årskonferansen 2011. Det blir vurdert om det skal leggst fram ein uttale for Rådsmøtet om organiseringa av reiselivet i Fjell-Noreg.”

## **12/2011 Høyringsinnspel til forslaget til nye vedtekter**

Saksgrunnlaget for denne saka vart ettersendt dagen før AU-møtet, og i tillegg delt ut på møtet. Forslaga i dei innsende høyringsuttalene var sett opp saman med det opphavlege forslaget, og kvart forslag vart diskutert før dei vart votert over enkeltvis.

Arbeidsutvalet var einstemmige i alle vedtaka bortsett frå om leiar (og nestleiar) skal veljast for 2 eller 4 år.

Forslaget ”Leiar og nestleiar for styret blir vald av Rådet for ein periode på 2 år.” fekk 4 stemmer.

Forslaget ”Leiar og nestleiar for styret blir vald av Rådet for ein periode på 4 år.” fekk 3 stemmer.

Det vart da diskutert og avklart at forslaget til nye vedtekter som skal sendast ut skal innehalde begge desse alternativa, slik at Rådsmøtet kan avgjøre spørsmålet.

Det var i ein av uttalane stilt spørsmål ved at vedtektene ikkje konkretiserer korleis sekretariatet skal organiserast. Etter ein diskusjon kom AU fram til at dei går inn for den opphavlege formuleringa.

### ***Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:***

”Sekretariatet innarbeider endringane som Arbeidsutvalet går inn for i forslaget til nye vedtekter. Det skal synleggjörast at AU er delt i spørsmålet på om leiar/nestleiar skal veljast for 2 eller 4 år. Det nye forslaget blir sendt ut til medlemmane for handsaming før Rådsmøtet.”

## **13/2011 Endeleg handsaming av handlingsplan for Fjellregionsamarbeidet**

Saka vart utsett til neste AU-møte, da den versjonen av handlingsplanen som var sendt ut, ikkje var den rette.

## **14/2011 Program for Årskonferansen/Rådsmøtet i Lom**

Arbeidsutvalet diskuterte forslaget til program for Årskonferansen som var sendt ut på førehand. Det vart bedt om at temaet bygdeutvikling i – rundt villreinområde vart tatt med, at bolken om naturbruksutdanninga vart korta ned, og at temaet om organisering av reiselivet i fjellområda vart tatt med.

Det vart spurt om konferansen kunne starte utpå dagen torsdag 12. mai for at fleire kunne reise til Lom den same dagen. Oppstartstidspunktet vart forklart med at det likevel var mange med lang veg som var nødt til å reise dagen før, og det vart difor heldi fast på å starte torsdag morgon.

***Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:***

”Sekretariatet lagar eit nytt program for Årskonferansen og Rådsmøtet basert på diskusjonen i Arbeidsutvalet.”

**15/2011      Oppsummering av Fjellmatkonferansen. Vidare arbeid med fjellmat**

Det vart ikkje tid til nokon oppsummering av Fjellmatkonferansen, som var på Geilo 7.-8. februar. AU-medlemene vart bedne om å lesa artikkelen som er lagt ut på heimesida til Fjellregionsamarbeidet.

**16/2011      Dato for neste AU-møte**

Neste møte vart datofesta til fredag 1. april.

Det vart bedt om t det blir forsøkt laga ein møteplan for Arbeidsutvalet vidare.